

Møte i Dialogforumet 11. april**24.03.2011**

**Neste møte i Dialogforumet vert mandag 11. april kl. 19.
Samlinga vert på Systrene Nilsen.
Tema er: Sommarbygda Uskedalen - profilering,
marknadsføring og samordning av tiltak.**

Det vert arbeidd med å finna innleiar og ein legg opp
til informasjon om Aktivitetsdagen, arrangement,felles turar,
elvefiske og næringsretta tiltak i høve til turistar og tilreisande.

Resultata frå spørjearka våre dei siste åra må drøftast på nytt
og ein må finna løysing på forbetingstiltaka.
Særleg ille er det at båthamnane i Uskedalen ikkje er med
i Sunnhordlandsguiden 2011. Dette tapet må vi finna ei erstaning for.

Vertskapet på Systrene Nilsen vil orientera om sommardrifta.
Møte er ope for alle.

Aktuelle lag, organisasjonar, båtlag, camping, overnatting,
attraksjonar, servering og handelsdrivande vert særleg inviterte til møtet.

Av Kristian Olav Bringedal